

SAMNANGER KOMMUNE

Kommunal og regionaldepartementet

Saksnr/Løpenr.
08/00041/000412

Arkivkode
103

Dykkar ref.:

Avd/Sek/Saksb
SEN/ASK/TR

Tysse, 08.02.2008

MELDING OM POLITISK VEDTAK - ENDRING I INNTEKTSSYSTEMET FOR KOMMUNAR OG FYLKESKOMMUNAR.

Me viser til tidlegare avtale om at Samnanger kommune fekk oversenda høyringsuttalen til Sørheimsutvalet si innstilling etter fristen.

Me melder med dette frå at Personal og økonomiutvalet den 07.02.2008 hadde føre denne saka : 0002/08.

Det vart gjort slikt vedtak:

Høyringsuttale frå Samnanger kommune -

Dersom ein skal nytta inntektssystemet for å få til likt grunnlag for tenesteyting må endringane vera vesentleg meir radikale enn det som er foreslått.

Når det gjeld fordeling av **selskapsskatten**, er det moment som både talar for og mot å ha den som ein kommunal skatt. Det bør i alle fall leggjast opp til meir varige ordningar enn det som er tilfelle i dag.

For Samnanger og for andre mindre kommunar er det **distriktspolitiske tilskotet** (regionaltilskotet) viktig. Slik ordninga er i dag er dette ein kjend og forutseiieleg storleik. Me meiner at mindre kommunar har smådriftsulempar på mange område, både i høve til det administrative apparatet og i høve til at det er krav til same spisskompetanse og tilbod om me har ein brukar eller 10 brukarar. Det er ikkje lagt inn som kriterium i utgiftsutjamninga. Eit eige tilskot som ivaretek dette må inn i inntektssystemet. Borge-utvalet såg på at utgiftsulempene for små kommunar har vore undervurdert, og utvalet tok til orde for ein vesentleg auke av basistilskotet. Dersom dette vert fylgt opp, vil det vege opp for det tapet små kommunar får ved innføring av distriktspolitisk tilskot. Under ein slik føresetnad kan det vera grunnar til å foreta den omlegging som Sørheimsutvalet har foreslått.

Storleiken på **skjønspotten** bør vurderast i lys av framlegget til utgiftsutjamning, og kor godt ein klarer å utforma dei kriteria som ligg til grunn for dette. Delar av det som vert vektlagt ved fordeling av skjønsmidlane i dag, kan med føremon innarbeidast i rammesystemet.

Framlegget om å endre teljedato til 1.juli kvart år kan ha negative verknader, men forutseiielege rammer ved budsjetthandsaminga er viktig og vesentleg for kommunen sine handlingar.

Overgangsordninga (INGAR) sikrar at ingen kommunar får ei utvikling som er meir enn kr 300 pr innbyggjar dårlegare får eitt år til neste. Dette gjer at framlegget frå Sørheimsutvalet på kort sikt ikkje er negativ for Samnanger. Men det er ei dårleg løysing å basera inntektene på overgangsordning. Utan INGAR tapar Samnanger mykje, og det er hovudsakleg knytt til bortfall av regionaltilskotet.

Samnanger kommune meiner at:

Dersom Regjeringa legg fram endringar av inntektssystemet i det omfang Sørheimsutvalet og Borgeutvalet har gjort framlegg om innanfor inntekts- og utgiftsutjamninga, meiner Samnanger kommune at endringane må kombinerast med naudsynt vekst i frie inntekter. Dette for å dempa problema somme kommunar vil få med å tilpassa seg eit lågare inntektsnivå.

Tone Ramsli
administrasjonssjef